



Rich i kjedlaren

**LIKAR DU BLUES MEN KUTTET UT Å MØTA FRAM I DØNHAUGKJEDLAREN IKVELD? DÅ GJEKK DU VERKELEG GLIPP AV EI STOR OPPLEVING:**

Rich Harper Band med 3 framifrå musikarar frå Los Angeles vitja oss for femte gongen. I går kveld hade dei stor suksess og fullt hus i Odda, men i Uskedalen møtte det berre 10 betalande. Konkurrerande arrangement i Rosendal er vel noko av forklaringa, for dei 3 har hatt fullt hus på Dønhaug før. Men det er jo også slik at ein sjelden veit korleis oppslutnaden vert her i bygda.



Pete i kjedlaren

I alle fall er det behageleg blues trioen har å servera. Dei turnerar no her i landet for sjuande gongen og er i Uskedalen fjerde gongen. Det er ingen tvil om at dei held eit høgt nivå. No har dei 9 kritikarroste cd-ar bak seg.

Denne gongen har Rich som spelar gitar med seg Danny Leoni på bassgitar og Pete Gallagher på trommar og dei held det samme tekniske og musikalske nivå som sjefen. Det seier ikkje så lite med det ry han har.



Danny i kjedlaren

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen